

# Merkedagar og tradisjonar som ikkje følgjer kalenderen

---

## Fødselsdag

---

Det er vanleg å feire fødselsdagar, særleg for barn. I tillegg til å ha familieselskap inviterer barn ofte vener frå barnehagen eller skulen til bursdagselskap.

Dei fleste har selskapet heime, men nokre har det ein annan stad, til dømes på ein pizzarestaurant, i symjehallen eller på ein aktivitetsstad for barn.

Gjestene har med seg ei lita gåve til bursdagsbarnet.



## Bryllaup

---

Kvart år er det om lag 23 000 par som gifter seg i Noreg. Nokre par gifter seg i kyrkja eller i eit anna trussamfunn, medan andre gifter seg på eit offentleg kontor. Det er tillate for personar av same kjønn å inngå ekteskap.

Dei fleste som gifter seg, feirar bryllaupet saman med familie og vener. Det er vanleg at bryllaupsgjestene eller andre som kjenner brureparet eller familien deira, gjev ei gåve til brureparet.



## Dåp

---

Det blir fødd om lag 60 000 barn i Noreg kvart år. Mellom 50 og 60 prosent av dei blir døypte i kyrkja medan dei er små. Når eit barn blir døypt, blir det medlem av kyrkja. Det er foreldra som avgjer om barnet skal døypast eller ikkje. Det er vanleg å halde ein stor familiefest når eit barn blir døypt, og dåpsbarnet får gåver.

Familiar som vel å ikkje døype barnet sitt i kyrkja, har ofte ei ikkje-religiøs feiring av barnet. Nokre blir med på ein organisert humanistisk namnefest, medan andre held ei heilt privat feiring.



## Konfirmasjon

---

Når ungdomar er 14–15 år gamle, kan dei velje å konfirmere seg.

Dersom dei konfirmerer seg i kyrkja, tyder det at dei vil halde fram med å vere medlem av kyrkja.

Dei siste tiåra har det blir meir og meir vanleg med humanistisk konfirmasjon, som er ei feiring av tenåringen utan religiøst innhald.

Ungdomane går på eit førebuingskurs, anten i kyrkja eller i ein livssynsorganisasjon, i tida før konfirmasjonen. På kurset som førebur deltakarane på kyrkjeleg konfirmasjon, lærer ungdomane om kristendom og diskuterer etiske og moralske spørsmål. På det humanistiske konfirmasjonskurset lærer ungdomane om humanisme og diskuterer livssyn, etikk og moral.

Det er vanleg å halde ein stor familiefest når ein ungdom blir konfirmert, og konfirmanten får gåver.

Rundt 60 prosent av ungdomane konfirmerer seg i kyrkja. Omtrent 20 prosent vel ein humanistisk konfirmasjon. Rundt 20 prosent av ungdomane konfirmerer seg ikkje.

## Gravferd

---

Kvart år døyr om lag 40 000 menneske i Noreg. Omtrent 85 prosent av dei blir gravlagde kyrkjeleg, altså med ein gravferdsseremoni leia av ein prest.

Det finst to hovudtypar gravferd: kistegravferd og urnenedsetjing. Under ei kistegravferd blir kista med den avlidne lagd i jorda, medan urnenedsetjing tyder at den avlidne blir kremert og urna med oska blir sett ned i bakken.

Kremasjon har blitt meir og meir vanleg i Noreg. Om lag 40 prosent av dei som døyr, blir kremerte.

